

Studentombodet - Årsrapport for 2023

Av Lene Loy



© [Lene Loy]

[Avdeling for utdanningskvalitet]

Høgskulen på Vestlandet

[2024]

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. [nummer tildelt frå Biblioteket]

ISSN 2535-8103

ISBN 2222-2222



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Forord

Årsrapporten skal gjere greie for studentombodet si verksemd, og gjeld for perioden frå 1. januar til 31. desember 2023. Ombodet skal vere tilgjengeleg for alle dei fem campusane ved HVL, i tillegg til Høgskulen i Volda, som dekker 20% av stillinga. Rettesnora for verksemda er å vere ein uavhengig bistandsperson som skal gi studentane råd og hjelp knytt til sin studiesituasjon. Studentombodet skal sjå til at saker får ein forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert ivaretekne. Rapporten gir eit oversyn over kor mange saker studentombodet har behandla, fordelt på ulike sakskategoriar. Den vil i tillegg gi strategiske anbefalingar på vidare satsingsområde for institusjonen.

Underteikna tiltredde stillinga i januar 2024. Rapporten er derfor i all hovudsak basert på opplysningar frå forgjengarar sitt arbeid, som har vore delt på fleire hender. Under dette ligg tal frå det tidlegare studentombod fram til 31. juni, og frå advokatkontoret SANDS som har vore fungerande studentombod i den resterande perioden. Sidan saksbehandlinga i tillegg er munnleg og uformell, byggjer rapporten totalt sett på eit nokså avgrensa tilfang av tilgjengeleg informasjon. Unntaket er underteikna si deltaking på studentomboda sin halvårlege nettverkskonferanse i oktober.



Lene Loy,
Studentombod, HVL

(Foto: Lisbeth Heilund)

Bergen, februar 2024

A handwritten signature in blue ink, appearing to be 'Lene Loy', written over a light blue background.

Innhald

Forord	3
Innhald	4
Oversyn over saker i 2023	5
<i>Samla statistikk for perioden</i>	5
<i>Statistikk for perioden 1. januar til 31. juli</i>	6
<i>Statistikk for perioden 1. august til 31. desember</i>	6
<i>Nettverkssamarbeid</i>	7
Strategiske anbefalingar for 2024	8
Om studentombodet	9
Historikk og organisering	9
Mandat	10
Litteratur	11

Oversyn over saker i 2023

Samla statistikk for perioden

Studentombodet har behandla totalt 106 saker i perioden.



Fig. 1: Statistikk over samla tal på førespurnadar fordelt på sakskategoriar for 2023

Statistisk ser dette ut til å utgjere ein nedgang frå tidlegare. I 2022 var det innrapportert 61 saker (rapporten dekker kun haustsemesteret og ikkje vårsemesteret då SANDS utøvde funksjonen som studentombod).

I tidlegare år har sakstalet vore 130 saker i 2017, 189 saker i 2018, 133 saker i 2019, 176 saker i 2020, og 52 saker i 2021 (også her manglar rapportering frå SANDS for vårhalvåret).

Statistikk for perioden 1. januar til 31. juli

I perioden fram til 23. juni har studentombodet motteke totalt 68 førespurnadar, fordelt på følgjande sakskategoriar:

- Trakassering og diskriminering: 2
- Læringsmiljø: 27
- Studierelatert/permisjon: 12
- Tilrettelegging: 6
- Praksisrelatert: 13
- Skikkaheit: 4
- Anna: 4
- Utanfor mandat: 0

I perioden frå 23. juni til 31. juli er det behandla 4 saker (1 utanfor mandat).

Statistikk for perioden 1. august til 31. desember

I perioden har studentombodet v/ advokatkontoret SANDS behandla 35 førespurnader, fordelt på følgjande sakskategoriar:

- Trakassering og diskriminering: 1
- Læringsmiljø: 11
- Studierett og permisjon: 6
- Tilrettelegging: 4
- Praksisrelatert: 4
- Skikkaheit: 2
- Anna: 7
- Utanfor mandat: 1

I overgangsperioden etter tidlegare ombod, som avvikla si teneste 31. juli, ser det ut til at studentombodet si svarteneste per e-post har hatt ein «nedeperiode», fram til 22. august. Ordninga synes også å ha hatt periodar med lang svartid, der det er vist til problem med e-postklienten. Studentane sin tilgang til ombodet sine tenester ser dermed ut til å ha vore noko redusert i perioden.

Tenesta har vore utført av Ellen A. Gooderham frå 22. august og Sigrid Flo Bødal frå 2. oktober. SANDS opplyser at førespurnadane har vore varierte, men påpeiker at fleire av desse gjeld bruk av obligatorisk undervisning, og kor vidt

denne er i tråd med HVL sine egne retningslinjer. Studentane opplever ofte at kravet om at dei skal ha ei aktiv rolle i undervisninga ikkje er oppfylt.

Nettverkssamarbeid

Studentomboda i Noreg er samla i eit eige nettverk som per i dag består av totalt 20 ombod fordelt på 16 ulike institusjonar i UH-sektoren (nyleg utvida med eit ombod til ved UiB). Nettverket har eit eige diskusjonsforum på Teams, og arrangerer jamlege konferansar, både digitalt og fysisk. I tillegg deltek omboda i eit internasjonalt/europeisk nettverk [ENOHE](#), som arrangerer årlege konferansar.

Den 30. oktober blei den halvårlege nettverkskonferansen avvikla i Bergen. Tema var bl.a. «beste praksis» for ulike varslingssystem, ombodets rolle i erstatningssaker, og ein gjennomgang av kor vidt læra om såkalla «bristande forutsetningar» i avtaleretten passar ved irregulære endringar i UH-sektoren.

I tillegg viste ein rådgivar frå UiB korleis vi kan gjere rapportar, presentasjonar og dokument i UH-sektoren korrekt universelt utforma. Omboda vart også einige om at dei bør samle seg til å bli ein sterkare uttalepart i samband med t.d. høyringar av lovforslag, der bl.a. NOU 2023:13 om funksjonshindra sine rettar no er aktuell.



Frå studentomboda sin nettverkskonferanse i solfylte Bergen (foto: Katrine Klyve)

Strategiske anbefalingar for 2024

Sidan rapporten byggjer på tidlegare studentombod sine sakshandlingar, er det vanskeleg å gi ei adekvat vurdering av oppfølginga av tidlegare innspel og kva for læringspunkt som kan trekkast ut frå saksmaterialet i 2023.

Eit viktig tema som går fram av tidlegare rapportar, er å oppnå ei betre sikring av studentar sitt rettsvern under praksis, som del av studietilbodet. Ombodet er kjend med at HVL er i gang med eit arbeid for å sikre rutinar på dette, men ser at det har vore utfordringar knytt til framdrifta. Temaet har også fått stor merksemd i det nasjonale studentombodsnettverket, bl.a. i [årsrapporten frå USN](#), som no er følgd opp i eit eige [styrevedtak ved USN](#). Temaet gjeld problemstillingar av ulike variantar, t.d. behov for konflikthandtering der studentar opplever trakassering, og råd/støtte ved varsling av uønskte forhold eller meir alvorlege hendingar som rammar tredjepartar. Studentane står i desse tilfella i ein utprega sårbar posisjon, prega av stor maktubalanse, og kjenner seg ofte rettslause.

Ombodet ser at ei slik rutine må ta utgangspunkt i krava til læringsmiljø i eige regelverk, men at den også bør ha ei viss forankring hjå samarbeidspartnarar som forvaltar studentane sitt arbeidsmiljø i tilgrensande regelverk. Ombodet har forståing for at dette prosjektet kan vere både tid- og ressurskrevjande, men tilrår at det får ei høg prioritering. Ombodet meiner at det vil vere ein fordel med eit tett samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren om denne oppgåva, grunna dei mange felles og overordna problemstillingane. Studentombodet ønskjer å delta aktivt i dette arbeidet både internt og i samarbeid med studentombodet ved USN.

Det bør også framhevast som eit viktig satsingspunkt å sikre gode rammer og vilkår for ei stabil ombodsteneste ved HVL. Tenesta er verksemdkritisk, men har vore prega av mykje utskiftingar sidan etableringa i 2017 (sjå under). Det vil her vere naturleg å peike på den openberre risikofaktoren i at studentombodet ved HVL er akterutsegla i lønsstatistikken, samanlikna med studentomboda nasjonalt. Dette avviket blir ytterlegare forsterka av lokale tilhøve rundt kompetanse og ansvar ift. mengde studentar og strukturell og organisatorisk kompleksitet, som set store krav til eiga administrering.

Om studentombodet

Historikk og organisering

Studentombodsordninga blei lovfesta i 2019, og er regulert gjennom UHL § 4-17 som seier at styret skal sørge for at alle studentar har tilgang til et studentombod.

Ved HVL blei ordninga oppretta frå 1. januar 2017, i samband med fusjonsavtalen for den nye høgskulen. Tenesta har sidan vore dekkja av følgjande personar:

15.03.2017: Sindre Rødne Dueland
01.10.2019: SANDS v/ Eva Drageset (Dueland i 10% stilling)
01.02.2020: Kjersti Brevik Møller
01.01.2021: SANDS v/ Eva Drageset
01.06.2021: Nina S. Lem Samuelsen
01.01.2022: SANDS v/ Eva Drageset
08.08.2022: Gøril Hillersøy
01.08.2023: SANDS v/ Ellen A. Gooderham
02.10.2023: SANDS v/ Sigrid Flo Bødal
01.01.2024: Lene Loy

Tenesta byggjer på eit mandat vedtatt av interimstyret 21.10.2016, revidert av nytt styre 30.08.2018. For den organisatoriske plasseringa av studentombodet har forskjellige ordningar vore utprøvd, der ein særleg har måtte ta omsyn til at dette er ei særleg uavhengig stilling som ikkje kan instruerast i høve til oppgåvene.

I perioden frå oppstart til årsskiftet 2018, har stillinga administrativt høyrte under HR-avdelinga i Bergen. Frå 1. januar 2019 har den hatt ei direkte organisering under prorektor for samhandling. I 2022 har den vore under leiing av organisasjonsdirektøren, og frå 2024 under avdeling for utdanningskvalitet.

Mandat

§ 1 Studentombodet ved HVL skal vere ein uavhengig bistandsperson som har som oppgåve å gje studentane råd og hjelp der studentane har tatt opp eller ønskjer/vurderer å ta opp tilhøve knytt til sin studiesituasjon. Studentombodet skal sjå til at sakene får ein forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert ivaretekne.

§ 2 Studentombodet skal aktivt informere om sin funksjon til studentane ved HVL, og gje opplæring til studenttillitsvalde om studentanes sine rettar og plikter.

§ 3 Stillinga skal plasserast i organisasjonen på ein måte som syner at studentombodet har ei særleg uavhengig stilling. Studentombodet kan ikkje instruerast i høve til oppgåvene sine og har sjølv ikkje instruksjonsmynde over einingar ved HVL.

§ 4 Studentombodet skal bidra til at saker kan løysast på rett nivå i organisasjonen. Ombodet har sjølv ikkje mynde til å avgjere saker, og er ikkje klage- eller ankeinstans for saker som er handsama og avgjort av andre einingar eller organ ved HVL.

§ 5 Studentombodet skal kvart år rapportere om si verksemd til rektor. Rapportane leggjast fram for høgskulestyret, studentparlamentet og Læringsmiljøutvalet til orientering. Rektor vert fortløpande orientert om spesielt alvorlege saker, eller Rapport 10 saker av prinsipiell tyding.

§ 6 Studentombodet kan på eige initiativ fremje saker direkte for høgskulestyret.

§ 7 Studentombodet kan sjølv avgjere om ho/han kan bistå ein student i ei sak eller ikkje. Det skal alltid grunngjevast når ombodet avslå å bistå i ei sak, og avslaget kan ikkje klagas på. Om studentombodet ikkje kan bistå i ei sak, skal ombodet vise studenten vidare til rette instans.

§ 8 Studentombodet har berre innsyn i dokumenta i ei sak i den grad studenten det gjeld har gitt samtykke til innsyn. Studentombodet har teieplikt om alle har tilhøve ho/han vert kjend med gjennom sitt verke etter Forvaltningslova § 13.

§ 9 Verken studentar eller noko organ ved høgskulen har rett til innsyn i studentombodet sine saker.

§ 10 Både studentar og tilsette skal kunne melde frå studentombodet om kritikkverdige tilhøve knytt til studiesituasjonen ved HVL. Det skal kunne meldast frå konfidensielt.

§ 11 Det er berre høgskulestyret som kan treffe avgjersler om eventuell innskrenking eller nedlegging av studentombodet sitt mandat

Litteratur

[Mandat](#) (rev. 30.08.2018 – saknr. 65/8)

[Årsrapport 2017](#)

[Årsrapport 2018](#)

[Årsrapport 2019](#)

[Årsrapport 2020](#)

[Årsrapport 2021](#)

[Årsrapport 2022](#)